

*Gunnars Rekordbok* av Anders Totland,  
Kapittel 6

Eg sluttar aldri å bli overraska over kor mykje rart folk gjer. Ein mann som heiter Greg Paul, men som kallar seg for Lucky, har tatovert heile kroppen. Til og med hovudet. Ein kveld ligg eg i senga og les om han i boka eg fekk av Hermund. Der står det at han har sete meir enn 1000 timar i tatoveringsstolen medan nokon har stukke nåler i huda hans og fylt på med blekk. Det er meir enn ein heil månad viss han hadde sete der døgnet rundt. No ser han nesten heilt grå ut.

I mange år jobba Lucky som sirkusartist, der han både sjonglerte motorsager og svelgde sverd. Det kunne eg aldri ha gjort.

Eg begynner nesten å brekka meg berre eg stikk tannkosten litt langt bak i munnen. Men det var kanskje ikkje så lett for Lucky heller. For til slutt måtte han finna seg ein annan jobb, og begynte å bygga hus i staden. Eg les om familien og hundane hans då eg høyrer at det går i ytterdøra. Eg ser ut vindaugget. Pappa går med raske skritt ut på vegen og ned mot sentrum. Eg kjenner ein klump i magen og går ned i stova

og ryddar vekk nokre glas og tallerkar som har blitt ståande på bordet. Opnar kjøleskapet og ser om det er noko eg kan eta til kveldsmat. Finn ein halv boks med leverpostei som ikkje har fått for mørk farge enno, og smør meg to skiver.

Me et nesten aldri måltida saman lenger. Men på gode dagar går pappa til butikken og kjem heim med bereposar som han fyller kjøleskapet og brødsuffa med. Dei dagane hender det til og med at pappa lagar middag, og så et me saman på kjøkenet. Me seier ikkje så mykje, berre et saman. Og så seier eg at eg kan ta oppvasken, og så smiler pappa. I alle fall litt, og det er uendeleg mykje betre enn ingenting.

Då eg er ferdig å eta og har sett glas og tallerk i oppvaskmaskinen, går eg tilbake til rommet. Eg legg meg på senga med boka igjen og prøver å finna noko artig som eg ikkje har lese om før.

Det står både om den eldste personen som har vore i verdsrommet, om verdas lengste rekke av menneskelege dominobrikker, og ein heil drøss med andre ting. Men ikkje noko av det er liksom gøy akkurat no.

Eg stoppar opp ved eit bilete av dei lengste neglene eg nokon gong har sett. Dei er over ein meter lange og måla i mange forskjellige fargar. Det ser nesten ut som dyreklør, berre at det er på hendene til eit heilt ekte menneske som heiter Diana.

Eg tenker litt på korleis det må vera for henne å ta oppvasken, eller endå verre når ho skal på do. Kva er det som kan få nokon til å gjera noko så upraktisk?

I boka står det at ho har latt neglene gro for å hugsa på dottera som døydde då ho berre var 16 år. Eg forstår ikkje heilt korleis det skal hjelpa å ha så lange negler. Men så forstår eg henne litt likevel, for det er ikkje så lett å hugsa ting som folk trur. Ikkje eingong når ein prøver alt ein kan. Det går litt betre når ein kan skriva det ned, men det er ikkje så lett, det heller.

Eg skal til å lukka boka då eg høyrer ein kvinande lyd frå utsida. Eg ser ut vindaugget, der pappa kjem sjanglande inn mot huset. Kjenner korleis klumpen i magen held på å eksplodera då eg ser kva han syklar på. Den vesle, gule sykkelen, eg kunne ha kjent han igjen kor som helst.

Pappa har tatt sykkelen til Vilde.

## *Gunnars Rekordbok* av Anders Totland

### Kapittel 7

Heile natta ligg eg vaken. Tanken på Vilde sin sykkel utanfor huset vårt vil berre ikkje gje seg. Den gneg og gneg og vil ikkje sleppa taket i hovudet.

Korleis kunne pappa gjera noko sånn?

Han forstår verkeleg ingenting.

Då morgonen kjem, går eg rett forbi sykkelen og gjennom holet i hekken.

Sivert ventar som vanleg. Eg seier ikkje noko om det som har skjedd. Lèt berre som ingenting og prøver å vera så vanleg som eg kan.

Birger sit på den faste plassen sin utanfor skulen og fiklar med mobilen. Han lirer av seg noko då me kjem. Men eg høyrer ikkje etter. Heile hovudet er fullt av pappa og Vilde og sykkelen som ikkje er der han skal vera.

Det blir endå verre då Vilde kjem gåande. Eg trur det må vera første gongen ho har gått til skulen på fleire år. I alle fall utan at det har vore snø eller skikkeleg dårleg vêr. No går ho attmed Kim, som leier sykkelen sin.

Det er berre så vidt eg våger å sjå på henne,  
men eg rekk å få med meg at ho er lei seg.

«Hei», seier Sivert.

Eg seier ingenting.

«Har nokon av dykk sett sykkelen min?»

spør Vilde.

Birger ristar på hovudet.

«Er han vekke?» seier Sivert.

Eg seier framleis ikkje noko. Kjenner  
berre korleis klumpen i magen veks igjen.

«Ja, eg sette han utanfor, der han alltid  
pleier å stå, då eg skulle på klatretrening i går  
kveld. Men då eg skulle heim igjen, var det  
nokon som hadde tatt han», seier Vilde.

Eg har lyst til å seia at det var pappa som  
tok han, men at han ikkje stal sykkelen. Han  
berre lånte han. For sånn er pappa av og til,  
spesielt på dei dårlege dagane. Og han meiner  
ikkje noko vondt med det, det er eg nesten  
heilt sikker på. Og ho skal sjølvsgt få sykkelen  
tilbake. Eg kan gå og henta han med ein  
gong, viss ho vil.

Men eg får ikkje til å seia noko av det, så eg blir  
berre ståande stille.

Sånn går heile dagen. Det einaste eg klarer å tenka på, er Vilde og synet av pappa som kom sjanglande inn mot huset på ein altfor liten sykkel.

Sykkelen står der framleis då eg kjem heim frå skulen. Tanken på at han berre skal bli ståande der til nokon finn han, får det til å koka i hovudet. Og pappa kjem i alle fall ikkje til å levera han tilbake. Det er berre ein ting å gjera.

Eg set frå meg sekken og trillar sykkelen ut på vegen og bortover mot huset til Vilde. Kryssar fingrane for at det ikkje er nokon heime som kan sjå meg, så eg kan setja han frå meg utanfor huset utan å måtta forklara noko.

Det er heldigvis ingen eg kjenner, som er ute og går. Det er ingen som ser at eg trillar sykkelen til Vilde. Ikkje før eg nesten er heilt framme.

«Nei, er det den guten som er ute?» seier ei stemme eg kjenner igjen frå legevakta. Mor til Vilde stikk hovudet fram mellom to buskar. Ho står med ei hekksaks i hendene og smiler.

Eg prøver å seia noko, men får det ikkje til.  
«Neimen», seier mor til Vilde og ser på  
sykkelen. «Har du funne sykkelen til Vilde?  
No kjem ho til å bli glad.»

Ho reiser seg frå buskane og roper opp  
mot huset. Før eg rekk å seia noko, står Vilde  
i vindaugget. Eg ser korleis ansiktet hennar  
skin opp då ho ser meg. Då ho ser sykkelen.  
Så forsvinn ho frå vindaugget igjen. Nokre få  
sekund seinare kjem ho springande ut døra  
og bortover vegen.

«Tusen takk», seier Vilde.  
Så gjev ho meg ein klem. Det er som om  
tida stoppar opp. Eg klarer ikkje å tenka,  
kjenner berre hjartet som hamrar heilt  
ukontrollert. Det er nett før eg svimar av.  
Vilde tar med seg sykkelen inn i garasjen  
så det berre er meg og mor til Vilde igjen.

Ho stikk handa i lomma og tar ut ein  
hundrelapp som ho strekker fram.  
«Finnarløn», seier mor til Vilde.  
«Eg kan ikkje ...» seier eg, prøver  
å protestera.

Det er jo ikkje rett at eg skal få pengar for at pappa har lånt sykkelen til Vilde og gjort sånn at ho blei lei seg.

Men mor til Vilde vil ikkje ta imot pengane igjen.

Ho lukkar berre handa mi rundt

hundrelappen og smiler litt meir alvorleg.

«Den er til deg», seier mor til Vilde. «Men me treng ikkje seia noko til far din, sant?»

Eg nikkar forsiktig.

Me treng ikkje seia noko til pappa.